



Nystølen Eigedom AS  
c/o Heine Fyllingsnes Litlevågsbrotet 9  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1253 - 19/19068

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
18.06.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 214/22 og 214/165 Fyllingsnes

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 214/22  
Tiltakshavar:  
Ansvarleg søkjar: Trolltinden Advokater AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.04.2019. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Søknad om dispensasjon**

frå krav om utarbeiding av reguleringsplan i føresegner til Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023 § 1.1.

De skriv i søknaden:

I komuneplan er det markert gult som avsatt til boligbygging. Privat planforslag er innlevert kommunen. Det anses ikke nødvendig med dispensasjon da tiltaket ikke strider mot arealformålet.

Kva for eit planframlegg er det referert til? Vi finn berre Nystølen-planen . Berre ein del av gbnr 214/22 er innafør denne planen.

2. **Formål med delinga**

Kva er bakgrunnen for søknaden ?

3. **Justering av situasjonsplan**

Vi har lagt inn reguleringsgrensa for planframlegget Nystølen i kartutsnittet og ei linje som markerer 1.000 m<sup>2</sup> av gbnr 214/22. Ein trekant på ca 16 m<sup>2</sup> av omsøkte areal ligg innafør plangrensa og kan ikkje delast frå til andre formål enn det planen seier (om han blir godkjent av Plan- og miljøutvalet 19.06.2019). De må senda inn ny situasjonsplan.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **23.07.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

214-22\_kart med reguleringsgrense

### **Kopi til:**

Trolltinden Advokater AS

c/o Advokat Arne 5152  
Gjesdal Øvre  
Kråkenes 17

BØNES

### **Mottakarar:**

Nystølen Eigedom AS

c/o Heine 5913  
Fyllingsnes  
Litlevågsbrotet 9

EIKANGERVÅG

Trolltinden Advokater AS

c/o Advokat Arne 5152  
Gjesdal Øvre  
Kråkenes 17

BØNES